Auka fokus på plukkhogst

Skogen er ein nøkkelressurs for Noreg. Han bind karbon, gir fornybare råvarer, dannar grunnlag for arbeidsplassar og busetjing i distrikta og er viktig for naturmangfald, friluftsliv og beredskap. Med aktiv og berekraftig skogforvaltning kan vi ta vare på desse verdiane og samstundes styrkje norsk verdiskaping og det grøne skiftet.

Plukkhogst er, der tilhøva ligg til rette, eit godt alternativ for flatehogst. Ved plukkhogst tek ein ut einskildte tre eller mindre grupper av tre, medan skogen elles får stå att. Dette gir eit meir kontinuerleg skogdekke, tek betre vare på skogpreg og landskap og reduserer inngrepa for friluftsliv og lokalmiljø. Driftsforma bidreg og til å ta vare på ulike livsmiljø i skogen og kan bremse skred i sårbare område, og dermed hindre eller reduserer faren for at folk og bygningar blir skada. Samstundes kan ein halde oppe produksjonen av fornybart virke og leggje til rette for langsiktig karbonbinding.

Plukkhogst fører til at skogen får tre i ulike aldrar og storleikar på same arealet. Slik blir skogmiljøet meir samanhengande, og vegetasjonen i skogbotnen som er tilpassa skugge, blir teken vare på. Tre som veks opp i skuggen frå eldre tre, utviklar ofte kvalitetar som gjer dei godt eigna til bruk i materiale og vidare foredling. Ein godt forvalta skog med tre og buskar i ulike aldrar gir betre leveområde, mat og skjul for dyra som lever i skogen. Skog med fleire treslag og aldersgrupper er dessutan meir robust mot ekstremvêr og klimaendringar.

Flatehogst kan vere svært øydeleggjande for skogmiljøet når store område blir hogne på ein gong. Då forsvinn skjul, mat og leveområde for dyra som lev i skogen, samstundes som vegetasjonen i skogbotnen blir utsett for meir sol, vind og tørke. Store opne flater gjer òg skogen meir utsett for erosjon, avrenning og skade etter ekstremvêr. Når mykje av skogen i eit område har same alder etter hogst, blir han mindre variert og ofte mindre robust mot insekt, sjukdom og klimaendringar. Difor bør flatehogst avgrensast der plukkhogst eller andre meir skånsame hogstformer er moglege.

Senterungdommen vil:

- auke kunnskapen om plukkhogst, slik at fleire kjenner til korleis denne driftsforma kan ta vare på dyreliv, naturmangfald, kvalitet og ein robust skog for framtida.
- sikre eit aktivt skogbruk som både gir verdiskaping, tømmer av god kvalitet og tek omsyn til naturmangfaldet.
- auke støtta til skogeigarar som driv med plukkhogst der tilhøva ligg til rette.
- styrkje tilskot til skogkultur, planting og ungskogpleie, slik at skogen held fram med å binde karbon og produsere tømmer av god kvalitet.
- sikre at støtteordningane er enkle å bruke og når fram til små og mellomstore skogeigarar i heile landet.

Innsendt: Oppland Senterungdom